

Eksamen

24. november 2017

MFG2003

Bransje, fag og miljø

Programområde: Matfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Vurderingskriterier:</p> <p><i>Høg måloppnåing, karakterane 5-6:</i> Besvarelsen viser høg grad av måloppnåing. Besvarelsen viser eigne refleksjonar. Bruk av faguttrykk.</p> <p><i>Middels måloppnåing, karakterane 3-4:</i> Oppgåva er besvart. Det blir brukt nokre fagord. Besvarelsen er litt fagleg mangelfull.</p> <p><i>Lav måloppning, karakteren 2:</i> Oppgåva er enkelt besvart. Kortfatta og få faguttrykk.</p>
Andre opplysningar	

Oppgave 1.

Bransjar og rammevilkår, fellestrekk og særmerke på yrke

På matfag er det ulike bransjar, samtidig har faga rammevilkår, fellestrekk og særmerke. Gjer greie for to ulike yrke innan matfag.

Oppgave 2.

Etiske problemstillingar

- a) Ved eit utsal av ferske matprodukt er det kundar som spør etter innhaldsliste i produkt som vert selt over disk. Skriv om krav til deklarerer av mat.

- b) Mattilsynet har innført smilefjesordninga frå 2016 på kaféar og restaurantar. Mattilsynet gir alle kaféar og restaurantar ei skriftleg tilbakemelding, og Mattilsynet forlangar at tilstandsrapporten er synleg i lokalet. Skriv om kva kaféen din skal jobbe med av systematisk kvalitetsarbeid for å oppnå ein god tilstandsrapport frå neste tilsyn av Mattilsynet.

Oppgave 3.

Helse, miljø og tryggleik.

- a) Ein fagarbeidar har opplevd ei arbeidsulykke. Fagarbeidaren har fått ein arm i klem på ei maskin i produksjonen, og armen og handa er knekt. Fagarbeidaren vart innlagd på sjukehus og er no sjukmeld i 12 månadar. Skriv om alle strakstiltak som bedrifta skal starte for å hindre at fleire tilsette skadar seg.

- b) Bedrifta vil førebyggje at nye arbeidsulykker skjer i produksjonslokalet. Du skal hjelpe bedrifta til å lage ein plan for systematisk kvalitetsarbeid på området helse, miljø og tryggleik. I planen din må du gjerne vise til lov eller forskrift som er aktuell.

Oppgave 4.

Påverknad av det ytre miljøet og miljømedvitne val ved produksjon og avfallshandtering.

- a) På arbeidsplassen din har det oppstått utslepp til det ytre miljøet. Det har leke ut 500 liter basisk reingjeringsmiddel med pH 14 frå ein tank og ut i ei elv. Drøft korleis arbeidsplassen din skal unngå påverknad av det ytre miljøet.

- b) Det har oppstått eit tett avløp frå bedrifta på grunn av fett i ein feittfangar, og avløpsvatn har kome opp gjennom avløpsrøyr og ut på golvet i produksjonen. Drøft korleis arbeidsplassen din skal ta miljømedvitne val ved produksjon og avfallshandtering.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Vurderingskriterier: <i>Høy måloppnåelse, karakterene 5-6:</i> Besvarelsen viser høy grad av måloppnåelse. Besvarelsen viser egne refleksjoner. Bruk av faguttrykk.</p> <p><i>Middels måloppnåelse, karakterene 3-4:</i> Oppgaven er besvart. Det blir brukt noen fagord. Besvarelsen er litt faglig mangelfull.</p> <p><i>Lav måloppnåelse, karakteren 2:</i> Oppgaven er enkelt besvart. Kortfattet og få faguttrykk.</p>
Andre opplysninger	

Oppgave 1.

Bransjer og rammevilkår, fellestrekk og særmerke på yrker

På matfag er det ulike bransjer, samtidig har fagene rammevilkår, fellestrekk og særmerke. Gjør greie for to ulike yrker innen matfag.

Oppgave 2.

Etiske problemstillinger

- a) Ved et utvalg av ferske matprodukter er det kunder som spør etter innholdsfortegnelsen i produkter som selges over disk. Skriv om krav til deklarerer av mat.

- b) Mattilsynet har innført smilefjesordningen fra 2016 på kafeer og restauranter. Mattilsynet gir alle kafeer og restauranter en skriftlig tilbakemelding, og Mattilsynet forlanger at tilstandsrapporten er synlig i lokalet. Skriv om hva din kafe skal jobbe med av systematisk kvalitetsarbeid for å oppnå en god tilstandsrapport fra neste tilsyn av Mattilsynet.

Oppgave 3.

Helse, miljø og sikkerhet.

- a) En fagarbeider har opplevd en arbeidsulykke. Fagarbeideren har fått en arm i klem på en maskin i produksjonen, og armen og hånden er knekt. Fagarbeideren ble innlagt på sykehus og er nå sykemeldt i 12 måneder. Skriv om alle strakstiltak som bedriften skal starte for å hindre at flere ansatte skader seg.


- b) Bedriften vil forebygge at nye arbeidsulykker skjer i produksjonslokalet. Du skal hjelpe bedriften til å lage en plan for systematisk kvalitetsarbeid på området helse, miljø og sikkerhet. I planen din må du gjerne vise til lov eller forskrift som er aktuell.

Oppgave 4.

Påvirkning av det ytre miljøet og miljøbevisste valg ved produksjon og avfallshåndtering.

- a) På din arbeidsplass er det oppstått utslipp til det ytre miljøet. Det har lekket ut 500 liter basisk rengjøringsmiddel med pH 14 fra en tank og ut i en elv. Drøft hvordan din arbeidsplass skal unngå påvirkning av det ytre miljøet.

- b) Det har oppstått et tett avløp fra bedriften på grunn av fett i en fettfanger, og avløpsvann har kommet opp gjennom avløpsrør og ut på gulvet i produksjonen. Drøft hvordan din arbeidsplass skal ta miljøbevisste valg ved produksjon og avfallshåndtering.



www.vigoiks.no/eksamen